



Statens vegvesen

Notat

Til: 3 Postmottak Region vest
Kristian Bauge
Frå: Bompengeforvaltning
Kopi: Samferdselsdepartementet, Postboks 8010 Dep, 0030 OSLO

Sakshandsamar/telefon:
Konstantin Stensbak-Friesen / 41104865
Vår dato: 26.02.2018
Vår referanse: 17/17796-119

Takstvedtak for endra takst- og rabattstruktur inkl. tilskotsordning for Haugalandspakken

Vegdirektoratet viser til notat av 19.02.2018 frå regionen, dokument 117 i same sak, kor det vert søkt om nytt takstvedtak for Haugalandspakken.

Endra takst og rabattsystem

Det endra takst- og rabattsystemet for Haugalandspakken er i tråd med føresetnadene i Prop. 1 S Tillegg 2/Innst. 13 S (2015-2016) og har fått lokalpolitisk tilslutning i relevante kommunar og fylkeskommunar.

Bompengetakstane i prosjektet har ikkje vore prisjustert sidan 2014. I samråd med bompengeselskapet vert dei nye takstane justert til 2018-prisnivå med SSB sin konsumprisindeks.

Med basis i dette godkjenner Vegdirektoratet følgjande takst- og rabattopplegg for Haugalandspakken:

Tabell 1: Ordinære bompengetakstar for Haugalandspakken i 2018-kr.

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Haugalandspakken (alle bomstasjonar)	12	20

Takstgruppe 1: Køyretøy med tilleten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tilleten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig avtale får 20 pst. rabatt. Dei andre køyretøya får ingen rabatt.

Postadresse
Statens vegvesen
Vegdirektoratet
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Brynsengfare 6A
0667 OSLO

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Timesregel og passeringstak på 75 passeringer pr. måned for alle køyretøy med gyldig brikke og avtale vidareførast.

Det gis fritak ifølgje gjeldande takstretninglinjer. Per i dag gjelder følgjande:

- Passasjerar i alle type køyretøy
- Gåande og syklande
- Motorsyklar og mopedar
- Køyretøy i merket gravfølgje
- Køyretøy som nyttast til arbeid på bomvegen*
- Køyretøy med elektrisk motor, og som har drivstoffkode 5 i vognkortet*
- Hydrogenbilar med HY-registreringsskilt*
- Kollektivtransport i konsesjonert rute*
- Uniformerte utrykkingskøyretøy, samt sivile utrykkingskøyretøy i tenesteoppdrag*
- Forflyttingshemma med gyldig parkeringsløyve frå kommunen*

Fritaksordningar merka med * føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

Tilskot til reduserte bompengetakstar

Det vert vist til Vegdirektoratets brev av 07.03.2016 til bompengeselskapa om tilskot til reduserte bompengar utanfor dei største byområda.

Haugalandspakken er kvalifisert til å få tilskot for reduserte bompengetakstar. Tilskotet vert gitt årleg i innkrevjingsperioden med atterhald om Stortingets årlige løyving til ordninga. Målet med ordninga er å redusere gjennomsnittstaksten med minst 10 pst., samt å motivere bompengeselskapa til gjennomføring av bompengereforma gjennom å slutte seg til dei nye regionale bompengeselskapa og å legge om takst- og rabattstrukturen i tråd med Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016).

Tilskotet til Haugalandspakken er rekna til å vere 19 mill. 2017–kroner. Tilskotet skal nyttast til å redusere gjennomsnittlig bompengetakst med minst 10 pst.

Gjennomsnittleg takst for Haugalandspakken er rekna til kr 5. Ein reduksjon 10 pst. gjev ein gjennomsnittstakst på kr 4,50. Takstane i tabell 2 er fastsett med utgangspunkt i den reduserte gjennomsnittstaksten.

Tabell 2: Reduserte bompengetakstar for Haugalandspakken i tråd med tilskotsordninga for bompengeprojekt på riksveg utanfor dei store byområda i 2018–kr.

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Haugalandspakken (alle bomstasjonar)	11	18

Dei reduserte takstane gjeld frå 01.04.2018 og prisjusterast på vanleg måte.

Dersom tilskotsordninga heilt eller delvis fell vekk, vil bompengeselskapa få moglegheit til å auke takstane til ordinært nivå, jf. tabell 1, justert for vekst i konsumprisindeksen. Vegdirektoratet skal på vanlig måte godkjenne ein ev. tilbakesetting av takstane.

Takstvedtaket skal annonserast seinast 4 – 6 veker før gjennomføringa. I annonseteksten skal det orienterast om at det er mogleg å klage på takstvedtaket, og at Samferdselsdepartementet er klageinstans.